



*Me har ein visjon om at Årdal kommune skal vera ein god kommune å bu, leva og arbeida i.*

*Me er ca. 5.400 innbyggjarar fordelt på tettstadene Øvre Årdal og Årdalstangen.*

*Årdal ligg der Sognefjorden kryp på land, ved inngangen til Utladalen og Jotunheimen. Kommunen har svært gode vilkår for friluftsliv og gode offentlege tilbod som mellom anna vidaregåande skule, kulturskule, full barnehagedekning, idrettshallar, treningssenter, kunstgrasbaner, friluftsbad og moderne kino.*

*Årdal kommune er ein stor arbeidsplass med ca 580 tilsette fordelt på 478 årsverk.*

*Årdal kommune har eiga bedriftshytte for tilsette og kan yte lån og tilskot til tilsette som skaffar seg eige husvære i kommunen.*

*Meir informasjon finn du på heimesida vår: [www.ardal.kommune.no](http://www.ardal.kommune.no)*

## Ledig 1 fastlegeheimel i Årdal kommune

### Me har ledig

Årdal kommune har ledig 1 fastlegeheimel frå 01.03.2015.

Kommunen har i alt fem fastlegeheimlar og turnuslege. Kommunen har til no hatt 2 legekontor, men er i ein prosess med samanslåing av dei to kontora i Øvre Årdal. Medan utbygginga føregår er legekontora mellombels stasjonert på Årdalstangen. Kommunen har hjelpepersonell med god og lang erfaring.

Kommunen har planar om å etablerer ei kommuneoverlege stilling i kombinasjon med fastlegeheimel. Listelengde i den ledige heimelen kan justerast, evt. reduserast, ved oppretting av kommuneoverlege funksjonen.

Kommunen legg til rette for ulike driftsmodellar dersom det er ønskje om fastlønsavtale, og stiller til disposisjon lokale, utstyr og hjelpepersonell. Legen betalar ei redusert kontorleige.

Legevakta er for tida 5(6)- delt, men inngår frå 01.02.2015 i eit interkommunalt samarbeid i Sogn lokalmedisinske senter i Lærdal sjukehus. Samarbeidet inneheld interkommunal legevakt, legevakt telefonsentral og akuttmedisinske senger.

Den ledige fastlegeheimelen har eit listetak på 1175 pasientar. Fastlegeheimelen vil kunne bli tillagt 7,5 timar/veke i offentlig helsearbeid. Timar utover dette vert særskilt avtalt.

### Me tilbyr

Kommunen legg til rette for etter- og vidareutdanning ved at vi gjev:

- Permisjon med løn ved deltaking på vidareutdanning som fører fram til spesialistutdanning.
- 3 månaders permisjon med løn til vidare- og etterutdanning etter to års praksis.

Me hjelper til å skaffe bustad og dekkjer flytteutgifter etter nærare avtale.

### Andre opplysningar

Søknad skal sendast til: [Postmottak@ardal.kommune.no](mailto:Postmottak@ardal.kommune.no)

Søknadsfrist 20.02.2015

Utlyst dato 21.01.2015

Vårref

765

### Kontaktperson

Bjarte Hove, Lege, mobil: 41541425, [bjarte.hove@ardal.kommune.no](mailto:bjarte.hove@ardal.kommune.no)

Rigmor Svanberg, Kommunalsjef, mobil: 94824046, [rigmor.svanberg@ardal.kommune.no](mailto:rigmor.svanberg@ardal.kommune.no)

Marit Indrebø, Leiar legekontor, mobil: 48213791, [min@ardal.kommune.no](mailto:min@ardal.kommune.no)